

SOGNDAL KOMMUNE

Alle med på laget

**STRATEGI
FOR
BUSETJING, KVALIFISERING OG INTEGRERING
AV
FLYKTNINGAR**

2011 – 2014




Godkjend av rådmannen 05.12.11

Visjon

Alle med på laget

I Sogndal kommune har alle dei kommunale tenestene ansvar for busette flyktningar innanfor sine tenesteområde. Kommunen har som mål å gje samordna tenester av god kvalitet, der brukar er i fokus. I dette arbeidet har òg flyktningane ei viktig rolle og eit medansvar for busetjing, kvalifisering og integrering. Lokalsamfunnet spelar òg ei viktig rolle for å sikre god integrering.



Strategien skal sikre brei medverknad i kommunen og lokalsamfunnet når det gjeld busetjing, kvalifisering og inkludering av flyktningane, og motivere flyktningane til aktiv deltaking og ta eit medansvar for arbeidet med integrering.

Innhold

Bakgrunn for arbeidet	4
Gjennomføring av planarbeidet	4
Rammevilkår	5
Status	6
• Busetjing og fråflytting	6
• Organisering av og ressursar til flyktningtenesta	6
• Fjøra Intro	7
• Sogndal ressurssenter	7
• Prosjekt reinhald	7
• Samarbeid med andre	8
• Norskopplæringa	8
Prioriterte område, utfordringar og tiltak	8
• Kvalifisering til arbeid	9
• Bustad	10
• Barnehage, skule og barnevern	10
• Helse	11
• Kultur og mobilisering av lokalsamfunnet	12
• Deltaking, møteplassar og medverknad	13
• Informasjon	13
Samarbeid med Sogndal statlege mottak	15
Økonomi	15
Gjennomføring og evaluering	16
Litteratur	16
Vedlegg	17
• Busette pr. år	
• Aldersfordeling	
• Fordeling kjøn	
• Fordeling familie vs. einsleg	
• Nasjonalitet	
• Fråflytting pr år	
• Status etter avslutta introduksjonsprogram 2007, 2008, 2009 og 2010	

Bakgrunn for arbeidet

Sogndal kommune har i 2010 og 2011 delteke i KS sitt prosjekt Flink med folk i første rekke, der målet vårt har vore auka samhandlingskompetanse i kommunen. Hovudmålet med prosjektet har vore å sikre eit heilskapleg kommunalt tenestetilbod med samordna tenester av god kvalitet.

Forventa resultat av prosjektet:

- Har skapt forståing i organisasjonen for dei einskilde tenesteytarane sitt arbeid, arbeidssituasjon, fagområde, menneskesyn og haldingar.
- Har medarbeidarar som har lært andre tilnærmingar til eit problem.
- Har etablert ei arbeidsform der arbeidsoppgåver meir vert fordelt etter kva som er til beste for brukaren.

Arbeidet med flyktningstrategien har vore eitt av seks delprosjekt.

Flyktningar har ein kompleks livssituasjon, og er difor avhengig av samansette tenester. Dette stiller krav til samhandling frå tenesteytar si side.

Flyktningar utgjer òg ein ressurs på arbeidsmarknaden, innan kultur og organisasjonsliv og i lokalsamfunnet generelt.

Vi har sett at det er behov for strategiar som legg til rette for trivsel for den enkelte brukar og god resultatoppnåing når det gjeld busetjing, integrering og kvalifisering til arbeidsmarknaden. Dette er viktige faktorar for å lukkast med busetjing og integrering.

Målet med prosjektet har vore å sikre brei medverknad i kommunen når det gjeld busetjing, kvalifisering og inkludering av flyktningar.

Tiltak i prosjektet har vore å utarbeide ein strategi for busetjing, kvalifisering og inkludering av flyktningar – og syte for implementering i organisasjonen.

Utarbeiding av ein strategi for busetjing og integrering av flyktningar er omtala i kommuneplanen sin planstrategi for 2010 – 2022.

Gjennomføring av planarbeidet

Arbeidet har vore gjort av ei arbeidsgruppe med representantar frå flyktningtenesta, norskopplæringa, grunnskulen, tenesteeining helse/sosial, NAV Sogndal og to brukarrepresentantar. Kommunalsjefen har vore prosjektleiar.

Arbeidsgruppa har hatt ei referansegruppe med representantar frå helsestasjon, barnevern, bustadansvarleg, psykisk helsevern, kultur, barnehage, ungdomsavdelinga, frivilligsentralen, Sogndal mottak og politiet. Desse har vore med på relevante møte i arbeidsgruppa.

Planarbeidet starta med ei halvdagssamling, der arbeidsgruppa og referansegruppa deltok. Innleiarar på samlinga var representantar frå flyktningtenesta og frivilligsentralen i Stryn kommune.

Strategien har vore sendt på høyring til alle relevante tenesteområde og eksterne samarbeidspartar. Vi har informert om og drøfta strategien med flyktningane på to møte – den 25.11.11 og 02.12.11.

Rammevilkår

Flyktningtenesta i kommunen omfattar busetjing og introduksjonsprogram for flyktingar. Busetjingsarbeidet vert styrt av følgjande kommunestyrevedtak: *Sogndal kommune kan ta imot inntil 20 personar i 2010 og inntil 25 personar i 2011. Kommunen ønskjer å prioritere personar med eit positivt vedtak frå Sogndal statlege mottak og personar som aktivt ønskjer seg til Sogndal.*

Oppmoding om busetjing kjem frå staten v/UDI som ber kommunane busette eit gitt tal flyktingar kvart år.

I følgje introduksjonslova har kommunen plikt til å tilby introduksjonsprogram m/introduksjonsløn til alle personar med rett og plikt til introduksjonsprogram i inntil 2 år. Programmet kan utvidast med 1 år. Introduksjonsprogrammet omfattar obligatorisk opplæring i norsk og samfunnskunnskap, språk- og arbeidspraksis og anna aktivitet som førebur til vidare opplæring eller deltaking i arbeidslivet. Programmet skal vere heilårleg og på full tid.

I partnarskapsavtalen mellom Sogndal kommune og NAV Sogn og Fjordane står følgjande: *"NAV Sogndal skal ha ei serleg satsing på ungdom, flyktingar og innvandrarar, der det vert lagt vekt på inkluderande rekruttering, samarbeid med arbeidslivet (hjelpeapparatet) og frivillig sektor."* Arbeidet er regulert i ein eigen samarbeidsavtale om introduksjonsordninga.


I økonomiplanen er det følgjande konkrete politiske resultatmål:

- Alle deltakarane i introduksjonsprogrammet skal i siste del av programmet kome i arbeidstrening gjennom NAV.
- Alle flyktingane skal ver i ordinært arbeid seinast eitt år etter fullført introduksjonsprogram.
- Vi skal tilby norskopplæring seinast 3 mnd. etter at vi har motteke søknad eller krav om opplæring.
- Eksamensresultata på skriftleg og munnleg for elevane på norskopplæringa skal ligge minst på landsnivå.
- Vi skal greie ut nettbasert undervisning som supplement til vanleg norskundervisning.
- Vi skal prøve ut nynorsk opplæring i ei gruppe.
- Vi skal gjennomføre ein strategi for integrering av innvandrar kulturen i den lokale kulturen med ei framsyning for skulane og ei for barnehagane.

Status


Busetjing og fråflytting

Tal busette pr . 01.05.05 var 33 personar. Diagrammet syner busetjinga etter 2005.



Fråflytting pr. år.

Fråflytting kan vere ein av fleire indikatorar på om ein lukkast med busetjing og integrering. Som det går fram av diagrammet har det normalt vore lite sekundærflytting frå kommunen med eitt unnatak i 2008. Storparten av dei som flytta frå kommunen det året, vart busett etter familiesameining og hadde truleg ikkje eit sjølvstendig ønskje om å verte busett i vår kommune.



Det vert synt til vedlegget for meir utfyllande statistikk.

Organisering av og ressursar i flyktningtenesta

Ved oppstart av introduksjonsordninga i Sogndal kommune, vart det tilsett flyktningkonsulent i 100% fast stilling. Denne stillinga hadde ansvar for busetjing og oppfølging av deltagarar i introduksjonsprogrammet, samt å leie arbeidet med å utvikle tiltak som skulle inngå i introduksjonsprogrammet i kommunen. Heilt frå starten vart det arbeidd målretta med å opprette gode språkpraksisplassar.

I løpet av 2005 vart det tilført nye ressursar til tenesta. Først gjennom 20% stilling som skule- og barnehagekontakt og leiar for kvinnegruppa. Deretter prosjektstilling knytt til IMDI-prosjektet med programrådgjevar i 60% stilling f.o.m. 01.09.2005 i samarbeid med Frelsesarmeén i Sogndal.

Prosjektstillinga og samarbeidet med Frelsesarmeén vart vidareført i 2006, med opning av Fjøra Intro 11.mai 2006. Gjennom Fjøra Intro ville kommunen styrke fokus på kvalifisering til deltaking i arbeidslivet, lokalt organisasjonsliv og i lokalsamfunnet generelt.

Frå november 2007 til mars 2009 var flyktningtenesta lagt under NAV Sogndal. I dette tidsrommet vart det tilsett kommunal programrådgjevar/leiar ved Fjøra Intro, (sidan samarbeidet med Frelsesarmeén vart avvikla). Denne stillinga fekk hovudansvar for arbeidet med å skaffe og følgje opp språkpraksisplassar. I tillegg vart det tilsett programrådgjevar i 50% stilling knytt til eit arbeidstreningsprosjekt (prosjekt reinhald) i kommunal regi.

Pr 01.01.2011 utgjorde tenesta 2,7 stillingar. På grunn av vedtak om auka busetjing – og auka omfang av familiesameining, vart det tilsett programrådgjevar i 60% stilling – knytt til samarbeidsprosjekt ”Sogndal ressurssenter” i samarbeid med NAV og sosialtenesta i kommunen. Denne stillinga skal ha eit særleg fokus på deltakarar som treng tilrettelagde oppgåver og tett oppfølging for å lukkast i kvalifiseringa til arbeidslivet.

Det er utarbeidd ei eiga handbok for busetjing og integrering.

Alle tilsette i flyktningtenesta skal ha fokus på kvalifisering og rettleiing til flyktningar i etableringsfasen og deretter ta initiativ til samhandling mellom flyktningane og lokalsamfunnet slik at flyktningane kan ta i bruk eigne ressursar.

Mål og fokusområde er integrering og kvalifisering til arbeid og bustad. Arbeidet skal byggje på mål- og resultatstyring.

Fjøra Intro

Dette er eit lokale vi nyttar til møte-, aktivitets- og kursverksemd i samband med introduksjonsprogrammet – som eit tillegg til den ordinære undervisninga ved norskopplæringa. Dette har vorte møteplassen for flyktningane og til dels for dei som bur i asylmottaket. Mottaket nyttar lokala til bebuar kafé ein ettermiddag i veka. Frivilligsentralen nyttar òg lokala, og leiar har kontor der.

Lokala er òg arena for **kvinnegruppa** og **mannsgruppa**. Desse gruppene tek opp relevante tema i høve til kvalifisering og integrering som ein del av introduksjonsprogrammet. I tillegg skal dei vere ein sosial arena og ein arena for brukarmedverknad.

Sogndal ressurssenter

Ressurssenteret er eit arbeidstreningsprosjekt i samarbeid mellom NAV Sogndal, flyktningtenesta og den kommunale rustenesta. Partane nyttar ressurssenteret til å drive arbeidsavklaring og arbeidstrening på lågterskelnivå.

Prosjekt reinhald

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom flyktningtenesta og miljøservice i kommunen. Føremålet har vore å styrke flyktningane i møte med arbeidsmarknaden – i overgangen frå

introduksjonsprogram til ordinært arbeidsliv, og dekke eit rekrutteringsbehov ved miljøservice (reinhald) i kommunen.

Samarbeid med andre

- **Biblioteket** med datamaskiner/internett og bokdepot for flyktningar på deira eige språk
- Samarbeid mellom norskopplæringa og **kultursektoren** om musikkundervisning
- Samarbeid med **folkehøgskule** og **museet** om fleirkulturell aktivitet
- Samarbeid med **lag og organisasjonar** om fritidsaktivitetar
- Samarbeid med **mottaket** om aktivitetar, bruk av Fjøra Intro, norskopplæring og førebuing til busetjing.
- **Frivilligsentralen** – samarbeid om lokale, tiltak og språkpraksisplass
- Faste samarbeidsmøte med **psykisk helsevern** i kommunen med rettleiing og oppfølging av enkelt personar.

Norskopplæringa

Norskopplæringa er organisert som ei eiga eining med eigen rektor. Skulen har intro elevar (busette flyktningar) frå Sogndal, Leikanger og Luster, elevar frå Sogndal mottak og betalingselevar. Skuleåret 2010/11 har skulen 50 intro elevar, der 37 kjem frå Sogndal.

Det er samarbeid mellom norskopplæringa og flyktningtenesta gjennom faste intro møte. Det vert utarbeidd individuell plan for alle intro elevane. Innanfor undervisning er det vidare eit samarbeid med oppfølgingstenesta om innføringsklasse ved Sogndal vidaregåande skule, samarbeid om grunnskuleutdanning og eit samarbeid med Sogndal folkehøgskule.

Flyktningtenesta har ansvar for **språkpraksisplassar** i nært samarbeid med norskopplæringa. **Arbeidspraksisplassar** er NAV sitt ansvar gjennom eigen samarbeidsavtale.

Prioriterte område, utfordringar og tiltak

Vi har ei godt fungerande flyktningteneste i kommunen og eit norskopplæringscenter med god kvalitet og som leverer gode resultat.

Men vi ser at vi har område vi kan verte betre på for å sikre god busetjing og integrering. Det er òg viktig å synleggjere kva for oppgåver som er knytt til mottak av flyktningar og kven som har ansvaret – slik at vi når **målet om å gje samordna tenester av god kvalitet, der brukar er i fokus.**

Prioriterte område for vidareutvikling av tenestene er:

- Kvalifisering til arbeid – norskopplæring/samfunnskunnskap, språk- og arbeidspraksisplassar.
- Bustad
- Barnehage, skule og barnevern
- Helse
- Kultur og mobilisering av lokalsamfunnet
- Møteplassar, deltaking og medverknad
- Informasjon
- Samarbeid med Sogndal statlege mottak.

Kvalifisering til arbeid

Omtale og utfordringar

Tilfredsstillande arbeid som gjer det mogleg å forsyte seg sjølv og familien sin, er avgjerande for at flyktningane vert buande i kommunen. Ei sikker minsteinntekt er òg avgjerande for at dei skal få eventuell familie hit. Det er òg viktig for kommunen at flyktningane kjem raskt i arbeid - økonomisk, men òg i høve til dei ressursane og kompetansen dei representerer

Dei busette flyktningane er motiverte til å kome seg raskt ut i arbeid. Men tilbakemeldingane frå dei sjølv, NAV og næringslivet seier at norskkunnskapane som oftast ikkje er gode nok til å få arbeid. Dei individuelle planane for norskopplæringa og resten av introduksjonsprogrammet kan verte betre samordna. Det er viktig å lage realistiske mål for den enkelte med god inforasjon om kva som må til av kvalifisering for å nå måla. Ein del av dette er òg å legge til rette for rett språkpraksis til rett tid.

Arbeidspraksisplass og det å finne arbeid vert regulert gjennom samarbeidsavtale mellom flyktningtenesta og NAV. Dette samarbeidet fungerer greitt. I partnarskapsavtalen mellom kommunen og NAV er arbeid til flyktningar eit prioritert område.

Tiltak

- Norskopplæringa skal organisere opplæringa slik at intro elevane så langt det er mogleg kan nok norsk til å gå ut i arbeidslivet etter å ha fullført introduksjonsprogrammet.
- Språkpraksis- og arbeidspraksisplassar skal støtte opp om undervisninga.
- Sogndal kommune skal ha eit særskilt ansvar for å skaffe språkpraksisplassar i eigen organisasjon.
- Det skal utarbeidast heilskaplege individuelle planar med realistiske mål som omfattar norskopplæring, behov for grunnskuleopplæring, anna opplæring og anna aktivitet i introduksjonsprogrammet.
- Det skal lagast ein heilskapleg plan for opplæring i samfunnskunnskap basert på kartlegginga i prosjektet – der norskopplæringa og Fjøra Intro supplerer kvarandre.
- Aktiviteten på Fjøra Intro og i kvinne- og mansgruppa skal støtte opp om språk- og arbeidskvalifisering.
- Der det er aktuelt, skal ein nytte Sogndal ressurssenter til supplerande kvalifisering.
- Prosjekt reinhald skal halde fram som eit tilbod om arbeidstrening/tilvenning med rettleiing og opplæring, der målet er å få fast stilling.
- Vi skal vurdere om erfaringane frå prosjekt reinhald skal kunne nyttast på andre område t.d. pleie/omsorgssektoren.
- Vi skal vidareføre samarbeidet med NAV innanfor partnarskapsavtalen og samarbeidsavtalen.
- Vi skal nytte flyktningar som har budd her ei stund, som rollemodellar i informasjons- og motivasjonsarbeid, når et gjeld behovet for opplæring og kvalifisering.

Ansvar

Flyktningtenesta, rektor for norskopplæring, NAV, leiar for Sogndal ressurssenter, leiande reinhaldar og personalkonsulenten.

Bustad

Omtale og utfordringar

Tilfredsstillande bustad er eit anna avgjerande vilkår for at flyktningane vert buande. Vi nyttar i dag i stor grad hybelhus eller bufellesskap som første bustad. Dette fungerer greitt fordi vi stort sett busett enkeltpersonar og informerer godt på førehand. Men vi opplever at det er busetjingsklare personar i mottaket i Sogndal som ikkje vil bu i hybelhus og som då ønskjer å verte busett i ein annan kommune. Hybelhusa er tenkt som gjennomgangsbustader. Neste fase er leigt husvære i all hovudsak på den private marknaden, men òg i nokre kommunale husvære. Dei fleste flyktningane har same ønskje og behov som elles i samfunnet for eit tenleg husvære som dei eig sjølv.

Kommunen sikrar nok hybelhus gjennom leigeavtalar og kjøp, men har i dag få eigne ordinære utleigebustader/familiebustader. I tillegg har vi ein relativt utforderande bustmarknad, der mange har dei same behova for å leige bustad – studentar, gjestearbeidarar, tilflyttarar og mottaket i tillegg til kommunen. Dette gjer det utfordrande å busette det tal flyktningar som kommunen har gjort vedtak om. Det må til ein viss grad vere samsvar mellom tilgang på bustader og vedtak om busetjing av flyktningar. Vi klarer å busetje dei vi har gjort vedtak om i 2011, men treng 20-25 ordinære utleigebustader for å kunne busetje like mange dei neste åra.

Tiltak

- Kommunen må gjennom revisjon av sosial bustadplan og ein langsiktig investeringsplan syte for at vi har nok bustader til gruppene kommunen har ansvar for. Dette gjelde både bufellesskap/hybelhus, utleigebustader og familiebustader.
- Planen må leggje til rette for ei heilsakleg bustadformidling i kommunen til ulike typar brukarar som har behov for hjelp til bustad.
- Familiar med barn bør busetjast i etablerte bustadområde, der det bur andre barn.
- Gje informasjon, rettleiing og oppfølging i høve til bu situasjonen.
- Hjelpe flyktningane til å få innpass på den private bustadmarknaden – gjennom informasjon, rettleiing og oppfølging både til flyktningane og til utleigarane.
- Prøve ut ein aksjon for mobilisering av lokalsamfunnet, slik at fleire vil leige ut.

Ansvar

Flyktningtenesta, bustadansvarleg i kommunen og ansvarleg for revisjon av sosial bustadplan.

Barnehage, skule og barnevern

Omtale og utfordringar

Det er relativt mange minoritetsspråklege barn i barnehagane i Sogndal – flyktningbarn, barn frå mottaket og barn i tilknyting til anna innvandring. Fleire av barnehagane opplever her utfordringar knytt til språk når det gjeld oppfølging av det enkelte barn og samhandling med foreldra.

Som eit eige delprosjekt innanfor KS sitt prosjekt Flink med folk i første rekke har vi utarbeid ein kommunal strategi for arbeidet med minoritetsspråklege barn i barnehagen. Planen skal bidra til at barnehagane og deira samarbeidspartar (mottaket, flyktningtenesta, helsestasjon, skulen, barnevern og PP tenesta) i fellesskap skal leggje til rette for at barn med innvandrarbakgrunn får gode føresetnader for å bidra og delta i barnehagekvardagen.

Det er Trudvang skule som har dei fleste flyktningbarna. Fleirtalet av asylbarna går på Kaupanger skule. Begge skulane har opparbeidd god kompetanse og gode rutinar for å ta imot desse barna som kan nyttast av dei andre skulane etter behov. Det vert sett inn ressursar, slik at barna raskt kjem opp på eit grunnleggjande norsk språknivå. Vi opplever òg at foreldregrupper ved skulen tek ansvar når flyktningbarn byrjar ved skulen.

Dei som har behov for grunnskuleutdanning, får det ved Kvåle skule, og det er eit samarbeid med oppfølgingstenesta og innføringsklasse ved vidaregåande skule. Arbeidet vert koordinert av rektor for norskopplæringa.

Vi ser at det kan vere vanskeleg å nå fram med informasjon til foreldra, og at foreldra har behov for kontakt med andre foreldre som dei kan søkje råd hos. Det er ikkje alltid lett å forstå kva for forventingar det norske samfunnet har til foreldra – og ikkje alltid så lett å vere ”to kulturelle” foreldre. Her bør òg FAU kunne ha eit ansvar.

Barnevernet skal yte ordinære tenester etter barnevernslova til flyktningfamiliane.

Det er etablert gode samarbeidsrutinar med flyktningtenesta, men kontakten er stort sett knytt til enkeltsaker eller enkeltpørsmål. For å sikre eit meir heilskapleg tenestetilbod kunne det vere aktuelt å innføre faste møte 3-4 gonger pr. år, der vi kunne drøfte meir generelle problemstillingar, tenke førebygging og tidleg innsats. Mottaket bør og kunne vere med på slike møte – dei har noko av dei same problemstillingane.

Tiltak

- Gjennomføre strategi for arbeid med minoritetsspråkelge barn i barnehagen.
- Gjennomføre mottak av flyktningbarn i skulen i samsvar med eigne rutinar på skulen og rutinar for overgang barnehage - skule i tett samarbeid med skule- og barnehage kontakt i flyktningtenesta.
- Sikre at informasjon til foreldra når fram og vert forstått – om naudsint ved hjelp av omsetjing eller bruk av tolk/andre foreldre.
- Leggje til rette for at FAU tek eit ansvar for å skaffe ”skulefadder familiar”
- Aktiviteten på Fjøra Intro skal omfatte rettleiing til barnefamiliar om deltaking i fritidsaktivitetar og organisasjonsliv.
- Opprette faste møteplassar mellom flyktningtenesta, asylmottaket og barnevernet med fokus på førebygging og tidleg innsats.

Ansvar

Flyktningtenesta, tenesteleiari barnehage, barnehagestyrarar, rektor, leiar for FAU, barnevernsleiari, PP tenesta.

Helse

Omtale og utfordring

Helsestasjonen og psykisk helsearbeid i kommunen skal yte lovpålagde tenester til busette flyktningar på lik line med andre innbyggjarar. I tillegg har helsestasjonen særskilde oppgåver mellom anna knytt til tuberkulin status og vaksinasjon.

Det er etablert god kontakt mellom flyktningtenesta, helsestasjon og psykisk helsevern.

Helsestasjon har god kompetanse og gode rutinar, men familiane får i dag informasjon om det kommunale tenestetilbodet frå fleire hald (flyktningtenesta, helsestasjonen og

skule/barnehage). Her bør vi leggje til rett for samla informasjon ein stad. Det vert gjeve uttrykk for at det er behov for rettleiing i foreldrerolla.

Tiltak

- Vidareføre det etablerte samarbeidet mellom flyktingtenesta og helsestasjon/psykisk helsearbeid. Tenesteområda informerer om sine tenester som ein del av introduksjonsprogrammet etter ein avtalt plan.
- Etablere faste møtepunkt mellom flyktingtenesta, norskopplæringa, helsestasjonen og psykisk helsearbeid – for gjensidig informasjon og bruke kvarandre sin kompetanse.
- Lage eit opplegg for heilskapleg informasjon om barnehage, skule og helsestasjon til barnefamiliar.
- Lage ein plan for foreldrerettleiing – tilpassa foreldrerekurs.

Ansvar

Flyktingtenesta, leiande helsesøster, leiar psykisk helsevern, rektor norskopplæringa, pedagogisk konsulent, tenesteleiar barnehage (skule og barnehage: kulepunkt 3).

Kultur og mobilisering av lokalsamfunnet

Omtale og utfordringar

Det er mange kultur- og aktivitetstilbod i kommunen, men vi ser at flyktingane i liten grad deltek. Det ser ut til å vere behov for informasjon om kva som finst av tilbod og korleis gå fram for å få kontakt. I samband med anna kartlegging, bør vi òg kartleggje interessa for kultur- og fritidsaktivitetar, slik at informasjonen vert meir målretta.

Barna kan trenge ekstra hjelp for å delta i fritidsaktivitetar. Her har Redd Barna eit opplegg som vi kan prøve ut. Vi har fått nokre tilbakemeldingar om at ein del av det utstyret som trengst, er dyrt. Skulane har noko utstyr. I tillegg bør vi sjå på andre løysingar, gjerne i samarbeid med Sogndal ressurssenter.

Sogndal kommune skal utarbeide ein strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor – der eitt av områda som skal vektleggast, er å ta vare på kulturelt mangfold og integrering av minoritetsgrupper. Frivilligsentralen skal utviklast som ein sentral møteplass for frivillig arbeid i kommunen.

Det er behov for støttespelarar (fadderar) for både enkeltpersonar og familiar. Her bør det vere moglege å mobilisere lokalsamfunnet. Dette bør vere ei oppgåve for frivilligsentralen. Kulturavdelinga har sett i gang eit prosjekt for å synleggjere innvandrarane sin kultur i lokalsamfunnet. Prosjektet bør evaluerast og eventuelt kome inn i faste former.

Tiltak

- Syte for at ønskje om deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar vert ein del av den individuelle kartlegging.
- Prøve ut eit opplegg med Redd Barna med frivillige som støttespelarar for enkeltfamiliar.
- Kartlegge behov og eventuelt få til ei ordning med utlån av utstyr – gjerne i samarbeid med Sogndal ressurssenter
- Få til ei ordning med støttespelarar for innvandrarane – i regi av frivilligsentralen.
- Utarbeide frivilligstrategi for kommunen, der integrering av minoritetsgrupper vert vektlagd.
- Evaluere og eventuelt vidareføre prosjekt kulturelt mangfold i lokalsamfunnet.

Ansvar

Flyktingenesta, leiar for frivilligsentralen, leiar for Sogndal ressurssenter, kultursjef, kommunalsjef.

Deltaking, møteplassar og medverknad

Omtale og utfordringar

Kommunen sitt slagord er ”Bli med på laget”. Vi har som mål å bidra til eit inkluderande samfunn som sikrar alle like moglegheiter til å delta. Dialog og samhandling mellom styresmakter og innbyggjarane er ein føresetnad for å utvikle eit godt og inkluderande lokalsamfunn og eit tenesteapparat som møter dei behova innbyggjarane har. Eit velfungerande demokrati føreset at alle grupper i samfunnet deltek i avgjerdsprosessar på ulike nivå. Innvandrarar er relativt lite representert i politiske avgjerdsprosessar i Norge. Det er difor viktig at deira røyst vert høyrt gjennon andre supplerande lågterskel ordningar som lokale møteplassar.

Tiltak

Det vert oppretta eit dialogforum med representantar frå innvandrargrupper i kommunen og politisk og administrativt nivå.

Dialogforumet skal bidra til å

- gje innvandrarar høve til medverknad
- sikre politisk og administrativt nivå kunnskap om innvandrargruppene i kommunen
- sikre kunnskap for utforme målretta kommunale tenester
- skape auka forståing og førebygge konfliktar
- fungere som eit bindeledd mellom innvandrarar og lokale styresmakter.

Det skal utarbeidast retningsliner for samansetjing og oppgåver som skal godkjennast av formannskapet.

Ansvar: Kommunalsjef.

Informasjon

Omtale og utfordringar

Kommunen har i dag informasjon om kommunen og kommunale tenester på nettsida på norsk og lenke til generell statleg informasjon på fleire språk. Utover det er det ikkje særskild informasjon til flyktingane. Ein god del av informasjonen vert gjeve munnleg eventuelt med tolk.

Ein viktig føresetnad for god integrering er at flyktingane lærer seg norsk, og vi legg stor vekt på god norskopplæring og språkpraksis, der det å måtte nytte språket vert viktig. Men det vil alltid vere nokon som av ulike grunner ikkje kan tilstrekkeleg norsk til å skaffe seg rett informasjon og kommunisere godt nok på norsk. Evna til å lære seg språk er avhengig av mange faktorar som alder, utdanning, morsmål, språkmiljø og livssituasjon (IMDI). I NOU 2011:14 vert det peika på at det offentlege har eit ansvar for at informasjon når ut til alle delar av befolkninga og for å vurdere om informasjonen vert gjeve på ein føremålstenleg måte. Det vert gjort framlegg om at vi må tilpasse informasjonen til ulike brukargrupper eller målgrupper, og at informasjonen må gjerast tilgjengeleg på fleire språk. Norskopplæring, bruk av tolk og skriftleg informasjon på eige språk må supplere kvarandre. IMDI peikar på at språklege barrierar og misforståingar kan få store konsekvensar, både for rettstryggleik og

likeverd. I følgje læreplanane for norskopplæringa skal undervisninga i samfunnskunnskap skje på eit språk elevane forstår.

Flyktningane etterspør meir informasjon – helst skriftleg (papirbasert) og på fleire språk – og den bør vere målretta. Det er ikkje alltid den generelle informasjonen er god nok. Det er mellom anna ønske om informasjon om kommunen, om tenester, institusjonar, kulturtilbod, foreldrerolla, arbeidsmarknaden og utdanningsval.

Kommunen si utfordring vil vere å syte for at flyktningane får naudsynt informasjon på eit språk dei forstår den første tida utan at dette vert eit ”sovepute” for å lære seg norsk.

Det er viktig å trekke brukarane med i dette arbeidet både når det gjeld innhald og formuleringar. Brukarane kan òg bidra i samband med omsetjing, der omsetningsarbeid til dømes kan vere del av ein språkpraksis.

Kommunen er med i prosjektet ”Mot eit multikulturelt fellesskap i Sogn og Fjordane” i regi av mellom anna HSF og Vestlandsforsking. Eit langsiktig mål for prosjektet er at innvandrarane gjennom 1) *tilrettelegging av regional informasjon/digitale tenester* og 2) *arbeidsmarknadsrelaterte integrasjonsprogram* skal verte betre integrerte og meir synlege i lokalsamfunnet og slik involvere og engasjere seg i lokaldemokrati og nærmiljø. Og ikkje minst viktig: at fylket skal lukkast med si integrering av innvandrarar slik at fleire av dei ønsker å bli verande i Sogn og Fjordane. Prosjektet går over 2 år. Kommunen si rolle i prosjektet er å vere ”case” og levere data til prosjektet.

Tiltak

- Gå gjennom informasjonen på nettet – tilpasse tekst til målgruppa og syte for omsetjing til relevante språk.
- Lage informasjonsfalder (papir- og nettbasert) for nye innvandrarar på relevante språk – informasjonen skal supplere norskopplæring og bruk av tolk.
- Vurdere behov for anna informasjon i samband med brukarane
- Etablere ei referansegruppe som skal hjelpe kommunen med å vurdere innhald og formuleringar.
- Etablere eit ordning med omsettingsgrupper for dei språka som er relevante – gjerne som ein del av språkpraksis.
- Kommunen vil vurdere resultatet av prosjektet ”Mot eit multikulturelt fellesskap i Sogn og Fjordane” og eventuelt implementere det som er relevant for oss.

Ansvar

Flyktningtenesta, Sogndal mottak, nettsideredaktør, kommunalsjef.

Samarbeid med Sogndal statlege mottak

Generelt

Kommunen har eit godt samarbeid med mottaket både på overordna nivå (ordførar/rådmann) og mellom mottaket og dei einskilde tenesteområda som grunnskule, norskopplæring, barnehage, helse, barnvern og pleie/omsorg.

Busetjing

Flyktingtenesta samarbeider tett med busetjingsansvarleg i mottaket – og syter for god informasjon om Sogndal kommune til dei som skal busetjast – allereie før busetjinga finn stad. Denne måten å arbeide på er avgjerande for å oppnå god busetjing i distrikta – og erfaringane syner gode resultat m.a. fordi vi legg til rette for at personar som er i ferd med å bli integrerte i lokalsamfunnet, unngår eit nytt oppbrot ved flytting til ny kommune.

Flyktingtenesta har faste møte med mottaket, der personar som er aktuelle for busetjing i kommunen, vert presentert. Mottaket bidreg òg med god informasjon om dei ulike bustadalternativa vi har i kommunen, som t.d. bufellesskap.

Introduksjonsprogrammet

Kartlegging av personar som er gjort allereie i mottaket, vert nytta og vidareført ved busetjing i kommunen, gjennom introduksjonsprogrammet. Nettverk som bebuarane har opparbeidd seg i løpet av tida i mottaket, er til stor nytte når personen skal ta til i introduksjonsprogrammet.

Fjøra Intro vert utleigd som bebuarkafé for mottaket 1 gong for veka. Utover dette har flyktingtenesta og mottaket løpende samarbeid med fokus på integrering og deltaking i lokalsamfunnet.

Norskopplæringa

Norskopplæringa tek inn nye elevar 4 gonger pr. år. Det betyr at elevar frå mottaket har maksimalt tre månader ventetid frå dei kjem til Sogndal og til dei får tilbod om norskundervisning. Det er faste møte mellom mottaket og norskopplæringa ein gong pr. månad i tillegg til uformell kontakt etter behov. Mottaket og norskopplæringa samarbeidar òg om nokre fellesturar og arrangement i løpet av skuleåret.

Det vil vere aktuelt å vidareutvikle samarbeidet gjennom utarbeiding av frivilligstrategi for kommunen, utarbeiding av informasjonsmateriell og deltaking i eit eventuelt dialogforum.

Økonomi

Flyktingtenesta (stillingar, aktivitet, introduksjonsprogram, økonomisk sosialhjelp dei 5 første åra) vert dekka av integreringstilskotet. Vi får integreringstilskot for busette flyktningar dei 5 første åra. Midlar som ikkje vert nytta det året dei vert utbetalt, vert sett på fond.

Kommunestyret vedtek kvart år i samband med økonomiplanen budsjett for flyktingtenesta og eventuell andre tiltak finansiert med integreringstilskotet – som grunnskuleutdanning, økonomisk sosialhjelp, bustader.

Dei fleste tiltaka i strategien vil kunne gjennomførast innanfor eksisterande budsjett og ekstern finansiering. Moglege behov for auka løyvingar vert vurdert i samband med

økonomiplanen kvart år. Gjennomføring av strategien vil vere avhengig av budsjetttrammene flyktningtenesta har til ei kvar tid.

Gjennomføring og evaluering

Framdrift

Tiltaka skal gjennomførast innanfor planperioden, og dei ulike tiltaka vert innarbeidd i einingane sine årlege verksemdsplanar – med det etterhaldet som er teke i punktet under økonomi.

Rutinar for oppfølging av strategien

Nokre av tiltaka vil vere relevante som resultatmål vedtekne i økonomiplanen, andre vil vere ein del av einingane si ordinære drift. Kva som vert prioritert kvart år, skal gå fram av økonomiplanen med rapportering i kommunen si årsmelding. Den einskilde tenesteleiar har eit ansvar for gjennomføring av tiltak innanfor sitt ansvarsområde. Flyktningkonsulenten har ansvar for at det vert halde to tverrfaglege møte i året – eitt i samband med budsjettarbeidet og eitt i samband med årsrapporteringa. Flyktningtenesta utarbeidar eit årshjul for dei ulike tiltak.

Evaluering og revisjon av strategien

Strategien skal reviderast i 2014. Som ein del av revisjonen, skal det gjennomførast ei evaluering. Aktuelle måleindikatorar om vi har lukkast med ei heilskapleg busetting og integrering med god kvalitet, vil mellom anna vere

- norskkunnskap etter 2 år
- tal personar i jobb/utdanning
- tal personar i sjølveigd bustad
- tal fråflytting pr. år


I tillegg kan det vere aktuelt å gjennomføre ei spørjegransking, der vi mellom anna finn indikatorar på trivsel, nettverk og livskvalitet.

Litteratur


- NOU 2011:14 – Betre integrering. Mål, strategiar og tiltak
- IMDI – Godt no(rs)k? – om språk og integrering
- Kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi 2010 - 2022
- Økonomiplan 2011 – 2014
- Lov om introduksjonsordninga
- Sett mål – oppnå resultat. Eit verktøy i kommunen sitt arbeid med introduksjonsprogrammet for nybusette innvandrarar (IMDI)
- Gode råd til utvikling av lokale møteplassar (IMDI)
- Partnarskapsavtale mellom Sogndal kommune og NAV Sogn og Fjordane
- Samarbeidsavtale mellom Arbeids- og velferdsetaten og Sogndal kommune om introduksjonsordning for nyankomne innvandrarar.
- Sogndal kommune - Strategi for arbeid med minoritetsspråklege barn i barnehagen 2011 - 2014
- Rutinar for mottak av flyktningbarn i skulen (Trudvang skule)
- Kommunale rutinar for overgang barnehage – skule
- Sogndal kommune – Handbok for busetjing av flyktningar.

Vedlegg


- Tal busette pr 01.01.2005 er 33 personar. Diagrammet syner busetjinga deretter.




- Når det gjeld aldersfordelinga syner statistikken at om lag 2/3 av personane kommunen har busett dei siste åra er over 18 år.




- Statistikken syner ei jamn fordeling mellom kjønn når det gjeld busetjing dei siste åra.




- Det same gjeld fordeling mellom familie og einslege som vert busett. Det er verdt å merke seg at storparten av personar som tilhøyrer ein familie vert busett ved familiegjenforening. Dvs. at ordinær busetjing i all hovudsak gjeld busetjing av einslege personar.



- Fordelinga mellom nasjonalitetar som vert busett, syner at busetjing av tradisjonelt store grupper som personar frå Irak og Somalia har gått tilbake, medan busetjing av personar frå Eritrea har hatt den største auken dei to siste åra. Dette fylgjer av kva nasjonalitetar som får opphaldsløyve, og dermed treng busetjing i ein kommune.




- Statistikken syner at det er normalt lite sekundærflytting frå Sogndal kommune, med eit unntak i 2008. Storparten av dei som flytta frå Sogndal kommune dette året var busett etter familiesameining, og hadde mest truleg ikkje eit sjølvstendig ynskje om å bli busett i vår kommune.




- Statistikk på overgang til arbeid
- Målsetjinga for kommunen er å kvalifisere flest mogleg til deltaking i ordinær utdanning eller arbeidsliv.
- I 2007 var den delen som gjekk over til utdanning eller ordinært arbeid etter avslutta introduksjonsprogram, på 67%.

Status etter avslutta introduksjonsprogram i 2007




- I 2008 var overgangen til utdanning eller arbeid redusert til 39%, noko som i hovudsak skuldast omfattande fråflytting hjå deltakarar som avslutta introduksjonsprogrammet.

Status etter avslutta introduksjonsprogram i 2008



- I 2009 var det berre to deltakarar som avslutta introduksjonsprogram, begge ved å flytte til ny kommune. Det låge talet skuldast redusert busetjing i 2007, grunna omleggingar i kommunen si flyktningteneste.



- I 2010 er det ingen overgang til utdanning etter avslutta introduksjonsprogram, men heile 63% overgang til ordinært arbeid. Det gode resultatet skuldast i hovudsak målretta arbeid gjennom ulike kvalifiseringsprosjekt i kommunal regi, i tillegg til god innsats hjå deltakarar i programmet.

